



Juleturneringa bruker å bli heilt fullteikna. Slik var det også i år – 35 par deltok denne gongen.

Jule-kort

Os Bridgeklubb arrangerte si årlege juleturnering søndag 28. desember. Turneringa som med åra har utvikla seg til å bli ei av landets største juleturneringar, samla fullt hus også denne gongen. 35 par frå heile Vestlandet var på plass i Eldresenteret, og fleire har vi ikkje plass til. Grunna kraftig snøfall søndag føremiddag måtte starten utsettast eit kvarter, men elles gjekk arrangementet heilt knirkefritt.

Det blei ei spanande turnering, og før siste runde (dei to siste av i alt 42 spel) var i alle fall fem par i posisjon til å vinna. **Tore Bårdsen** og **Øyvind Haga** (Stavanger

BK/Rubbestadneset BK) spurta best og vann turneringa, med **Christian** og **Tor Bakke** på andreplass (Bergen Akademiske BK) og **Sigurd Østerbøvik** – **Jim Høyland** på tredjeplass (Kopervik BK/Bergen Akademiske BK).

Os Bridgeklubb spelar i Os Eldresenter måndagar gjennom heile året unntatt tre månader på sommaren. Ynskjer du å vera med må du berre ta kontakt. Vi startar og kurs for dei som ynskjer å læra spelet i starten på januar.

For Os BK
Leif Juvik



To av para som kjempa i tetstriden under årets juleturnering. **Thomas Charlsen** (i blå jakke) med makker **Jon Sveindal** (i dress) blei nummer seks. **Jim Høyland** og **Sigurd Østerbøvik** (svart jakke) blei nummer tre.



Christian Bakke i djup konsentrasjon. Kanskje noregs beste junior-spelar. Blei saman med far **Tor** nummer to i år.

Resultatliste

(Plass, namn, klubb)

1. **Tore Bårdsen** - **Øyvind Haga**, Stavanger BK - Rubbestadneset BK. 2. **Tor Bakke** - **Christian Bakke**, Bergen Akademiske BK. 3. **Sigurd Østerbøvik** - **Jim Høyland**, Kopervik BK - Bergen Akademiske BK. 4. **Atle Seim** - **Knut Ivar Pettersen**, Bergen Akademiske BK. 5. **Bjarte Midttveit** - **Ivar Røystrand**, Bergen Aka-

demiske BK. 6. **Jon Sveindal** - **Thomas Charlsen**, Bergen Akademiske BK. 7. **Trond Are Nitter** - **Jan Kristen Lutro**, Rubbestadneset BK. 8. **Stig Gamlemshaug** - **Stein Ole Moberg**, Os BK. 9. **Ann-Mari Mirkovic** - **Bjørn Olav Ekren**, Bergen Akademiske BK - Sunndalsøra BK. 10. **Magne Eide** - **Margot S. Alfheim**, Bergen Akademiske BK - Åsane BK. 11. **Inge Kvarven** - **Atle Kvarven**, Rub-

bestadneset BK. 12. **Thea Hove Hauge** - **Bjørn Hauge**, Os BK. 13. **Morten Haugen** - **Roald Mjøs**, Studentenes BK - Samnanger BK. 14. **Tor Anders Hauge** - **Reidar Tore Dale**, Os BK. 15. **Oddmund Midtbø** - **Mathias Beyer**, Askøy BK - Bergen Akademiske BK. 16. **Rune Fagerbakke** - **Tore Kvarven**, Austevoll BK - Bridge for Alle. 17. **Øyvind Henden** - **Helene Gulbrandsen**, BK Beit - Bergen Akademiske BK.

18. **Ove Gåsdaal** - **Ole Mag-nar Nordvik**, Samnanger BK. 19. **Gudmund Vingen** - **Trygve Ellingsen**, Egersund BK - BL Strileknekten. 20. **Edith Woldseth** - **Per Woldseth**, Strømme BK - Lysverkenes BK. 21. **Geir Ove Henden** - **Mag-nar Dale**, BK Beit. 22. **Liv Bugge** - **Anne Mørch**, Bergen Akademiske BK. 23. **Laila E.R. Årland** - **Ole Årland**, Austevoll BK. 24. **Dag Christensen** - **Frode Dyrstad**, Os BK. 25.

Reidar Fosse - **Gunnar Holm**, Os BK. 26. **Lisbeth K. Glærum** - **Daniel Bjør-go**, Åsane BK - Bergen Akademiske BK. 27. **Roger Træet** - **Finn Fyllingslid**, Rubbestadneset BK - Bergen Akademiske BK. 28. **Jørn Rekkum** - **Joleiv Midttveit**, Os BK. 29. **Yngve Lamo** - **Rosaline Barendregt**, Bergen Akademiske BK. 30. **Kine Tveiten** - **Dag Inge Torgersen**, Bergen Akademiske BK. 31. **Frode Dag Furset** -

Fritjof Nypan, Bertnes BK - Bergen Akademiske BK. 32. **Jan Erik Alm Bendiksen** - **Elisabeth Eikeland**, Kvinnherad BK - Åsane BK. 33. **Sonja Stokka** - **Anne Marie Torgersen**, Rubbestadneset BK. 34. **Linda Rasmussen** - **Kate Fauskanger**, Os BK - Bergen Akademiske BK. 35. **Anders Olsen** - **Bjørn Egil Almaas**, Rubbestadneset BK.

Runda av året med lagmeisterskap

Søndag arrangerte Strandvik Skyttarlag lagmeisterskap i 15 meter innandørs. Av dei yngste var det denne gongen **Jacob Flølo** som vann klassen Rekrutt med 243 poeng, eitt poeng føre **Olav Opheim**. I klassen Eldre Rekrutt vann **Hans Olav Flølo** med sterke 249 poeng følgd av **Håvard**

Vik med 247 poeng.

Med dette vart 2014-sesongen runda av og laget vil nytta høvet til å takka alle våre medlemmer for året som har gått og ynskja eit godt nytt år.

Erik Vik
Strandvik skyttarlag

Hans Olav Flølo (t.v.) gjekk til topps i Eldre Rekrutt. **Jacob Flølo**, nummer tre frå venstre, vann Rekrutt-klassen. Dei to andre på biletet er **Nicholas Tuft Vindenes** og **Pernille Gulbrandsen**, to lovande aspirantar. (Foto: Erik Vik)



Resultat:

Rekrutt: 1. **Jacob Flølo**, Strandvik 243, 2. **Olav Opheim**, Strandvik 242, 3. **Magnus Soltvedt**, Strandvik 224.

Eldre Rekrutt: 1. **Hans Olav Flølo**, Strandvik 249, 2. **Håvard Vik**, Strandvik 247, 3. **Jens Georg Gulbrandsen**,

Strandvik 244.

Klasse 1: 1. **Tone Vik**, Strandvik 235, 2. **Olav Flølo**, Strandvik 223, 3. **Terje Soltvedt**, Strandvik

223.

Klasse 2: 1. **Hilde Soltvedt**, Strandvik 240.

Klasse 3-5: 1. **Erik Vik**,

Strandvik 240, 2. **Bjørnar Vik**, Strandvik 226.

Klasse ASP: **Nicholas Tuft Vindenes**, Strandvik 229, **Pernille Gulbrand-**

sen, Strandvik 225.